

## Herborg Kråkevik

### "Så Stille Kan Det Verta"

Visit "[Så Stille Kan Det Verta](#)" on [MotoLyrics.com](#)

Så stille kan det verta i eit hjerta  
Så stille kan det altså slå  
Så stille kan det verta i eit hjerta  
Så roleg kan det gå

Og morgonen kjem tilbake  
Å...pen og i ro  
Befrir meg frå panikken  
Og den faste, triste klo

Og nettene dei er milde  
Fulle av fred  
Og søvnen utan mareritt  
Der eg alltid skulle ned

Og stemma mi kan tala heilt vanleg utan brest  
Kan tåla vera med til begravelse og fest  
For eg er tom for tårer  
Ferdig med forakt  
Ferdig med å gøyma meg

Så får det berre vera at fienden fekk rett,  
Dei kjølege og kloke, som sa at det var lett  
Men la dei vera kloke  
Eg vil vera grønn  
Og kasta meg i livet  
Men kvila i mi bønn

Så stille kan det verta i eit hjerta  
Så stille kan det altså slå  
Så stille kan det verta i eit hjerta  
Så roleg kan det gå

Visit [Herborg Kråkevik](#) page on [MotoLyrics.com](#), to get more lyrics and videos.